

Referat frå årsmøtet til Varhaugbuen 2017

Årsmøtet vart halde i lokala i Rådhusgata 2A, 16. april 2018, kl 19.00.

Desse møtte:

<i>Björg Reime Håland</i>	<i>Varhaug bygdekvennelag</i>
<i>Brit Obrestad</i>	<i>Vennelaget for Lerbrekk skule/styret</i>
<i>Jon Harald Håland</i>	<i>Varhaug bedriftsforening/styret</i>
<i>Per-Arvid Jakobsen</i>	<i>Varhaug misjonshus/styret</i>
<i>Lenita Salte</i>	<i>Varhaug bondelag/styret</i>
<i>Astrid Skretting</i>	<i>Vennelaget for Lensmannsløa</i>
<i>Terje Lerbrekk</i>	<i>Svala 4H/styret</i>
<i>Liv Hobberstad</i>	<i>redaktør</i>
<i>Geir Erik Aanestad</i>	<i>Varhaug bondelag</i>
<i>Oddvar Ånestad</i>	<i>bladbud/observatør</i>

Jon Harald Håland ynskte alle velkomen og opna møtet. Per-Arvid førte dei frammøtte i protokollen

Sakliste:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
Samrøystes godkjend. Merknad frå sekretær: det var ikkje sendt SMS med påminning for årsmøtet. Spørsmål: dersom fleire representerer same lag, kor mange har røysterett,- berre den som eventuelt sit i styret? Svar: Kvar organisasjon har ei røyst, dersom fleire er til stades frå same organisasjon må dei verte einige om kven som har røysteretten.
2. Val av møteleiar
Jon Harald vart vald.
3. Val av to til å underteikna møteboka saman med møteleiaren
Björg Reime Håland og Geir E. Aanestad vart valde
4. Årsmeldinga for bladet
Jon Harald gjekk gjennom og leste opp årsmeldinga.
Samrøystes godkjend. Kommentar: Terje Lerbrekk representerer Svala 4H.
5. Rekneskap for bladet
Kasserer Brit Obrestad gjekk gjennom rekneskapet. Spørsmål: Kvifor varierer annonse inntektene frå år til år. Svar: ein følger kontantprinsippet, og i 2015 vart nokre rekningar sendt så seint at ein del inntekter vart ført på 2016.
Samrøystes godkjend.
6. Innkomne saker
Det var ingen innkomne saker.

7. Val av styre

Det vart bemerkta at styremedlem i post B og D ikkje var på val dette året.

- | | |
|--|---|
| A. 1 repr. Frå BU/Svala 4H | Ane Mjåtveit (BU) – ny, valt for 2 år |
| B. 1 repr frå Bygdekvinnelaget/Bondelaget | Lenita Salte (Bondelaget) - ikkje på val |
| C. 1 repr. Frå bedriftsforeninga | Jon Harald Håland – attvald for 2 år |
| D. 1 repr. Frå andre org. Brit Obrestad (Vennelaget Lerbrekk skule) – ikkje på val | |
| E. 1 repr. Frå andre org.: | Per-Arvid Jakobsen (Misjonshuset) attvald for 2 år |

Merk: Val av leiar vart gjort ved akklamasjon: Jon Harald Håland. Andre styreverv vil verta fordelt på konstituerande styremøte som vert 30. april.

8. Val av varamenn til styret

- 1.vara Kjartan Ånestad (Varhaug Skulemusikkorps) vart attvald**
2.vara Astid Skretting (Vennelaget for Lensmannsløa) vart vald for 1 år.

9. Val av 2 revisorar

Irene Hobberstad og Rune Odland vart attvalde.

Etter årsmøtet vart det ei matøkt med snittar, kake og kaffi og brus.

Jon Harald spurte om synspunkt og om nokre hadde idear til stoff eller anna som gjaldt Varhaugbuen.

Bondelaget hadde diskutert og lurt på om det kunne vere ein ide at Varhaugbuen tok initiativ til å drøfte med dei andre bladutgjevarane på Varhaug (Misjonshuset og idrettslaget) om det kunne la seg gjere å samarbeide og ha eitt blad for bygda.

Det vart litt diskusjon om dette,- VIL-bladet har hatt som mål å ha stort overskot og difor mange annonsar medan Varhaugbuen skal gå i null. Men styret får sjå på dette.

Fleire hadde tips om mulig stoff for kommande utgåver av Varhaugbuen. Redaktør Liv noterte på blokka si.

Muligens kan det vere nyttig med eit eller anna kulturelt innslag på årsmøtet.

Før årsmøte bør det sendes SMS til dei inviterte med påminning på datoen.

Det vart retta ein takk for godt jobba til Liv. Og Terje Lerbrekk som gjekk ut av styret fekk en velfortjent takk.

Ref.: Per-Arvid Jakobsen

Bjørge Reime Håland

Geir Erik Aanestad

Jon Harald